

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

2. søndag i faste - 21. februar 2016

Preiketekst: Jes 55,1-7

Lesetekst I: 2 Kor 6,1-10

Lesetekst II: Luk 13,22-30

Fastetid – Bot - Omvendning

Det er ei utfordring å forkynna bot og omvendning, fordi at nokre av tilhøyrarane mest sannsynleg er veldig klar over syndene sine og sørgjer djupt, mens andre tenkjer om seg sjølv og andre at "alle døypte" går rett inn i sæla (mogleg nokre gjer unntak for dei døypte menneska Stalin og Hitler) utan særleg behov for omvendning. Dei som kjem til gudsteneste har vidt forskjellige utgangspunkt.

Brevteksten

Teksten frå 2 Kor 6 er retta til truande og aktive kyrkjelydsfolk – menighetskjernen. Likevel er det grunn til å minna om at det er mogleg å ta imot Guds nåde til inga nytte. Det å stå oppført i eit kyrkjeleg medlemsregister er ingen frelsesgaranti. Innsatsen Paulus er villig til å gjera for å formidla budskapet om ikkje å ta imot Guds nåde til inga nytte (v.3-10) er eit førebilete for einkvar forkynnar. Stemning og livsmot er vel og bra, men i kristen tru kan det ikkje stoppa der.

Evangelieteksten

Evangelieteksten frå Luk 13 er om mogleg endå meir tydeleg. Folk som trudde dei var på lag med Jesus (døypte, aktive med verv på gudstenestene og/eller ansatte) skal bli bortviste. Det er ikkje enkelt å forkynna om risikoen for å gå fortapt. På den eine sida nyttar det ikkje "å skræma folk inn i himmelen", og på den andre sida vil forkynnaren gje falskt vitnesbyrd om Jesus sine ord dersom tilhøyrarane får inntrykk av at alle menneske får sitja til bords i Guds rike saman med Abraham, Isak og Jakob. Ingen har sagt det skal vera enkelt å vera forkynnar.

Preiketeksten

Preiketeksten har òg eit tydeleg kall til å søkja Herren og å venda om frå urettferd og ugjerningar - mens Gud er nær, dvs mens Gud gir slike sjansar (v.6-7). Men framfor alt har denne teksten frå Jesaja noko å seia om Guds vesen, dvs om Han som vi blir oppfordra å omvenda oss til.

Miskunn og tilgjeving

Gud vil visa miskunn og Gud er rik på tilgjeving (v.7). Det er ikkje slik at vi skal venda om til Gud for å krevja vår rett, anten det er menneskerett, demokratisk rett eller frigjeringssteologisk inspirert rett. Miskunn blir gitt til den som har store problem og ingen utveg til å ordna opp sjølv. Tilgjeving gir ein berre til den som har feil. Den som har rett og får tilbod om tilgjeving, blir tilbode feil vare.

Guds truskap – mot "dykk"

I v.3 står pronomena "de" og "dykk", som eksegetisk ikkje kan sikta til nokon andre enn Israelsfolket. Den evige pakta Gud skal gjera skal gjerast med "dykk", dvs Israelsfolket (sml òg Jer

31,31.33). Både ut frå resten av Jesajaboka og frå Jer 31,32b skjønar vi at det var noko ved Sinaipakta som ikkje fungerte, folket braut henne.

Guds truskap – mot David

Den evige pakta i v.3 er parallelisert med uttrykket "mi miskunn mot David står fast", dvs Guds lovnad til David (2 Sam 7; Sal 89; 132; Jes 9:6-7; 11,1-10; Jer 30,9; Esek 34,23-24; 37,24; Hos 3,5) blir ikkje rokka ved fordi Israelsfolket har vore ulydig. Guds einseitige pakter blir ikkje sagt opp. Sml 1 Mos 15 (særleg v.17) der det berre er Gud som forpliktar seg ved å gå mellom kjøttstykk, mens Abram er passiv. Sml òg Gal 3,17.

David synda, og dynastiet hans synda så mykje at Gud "kasta dei bort frå sitt andlet" (2 Kong 24,20). Folket blei hardt straffa med eksil og meir dertil. Men sidan Gud ikkje kan forneakta seg sjølv (2 Tim 2,11-13), så står Guds miskunn mot David fast. Davids son, Messias, kom etter kvart, og han kom først til Israels hus (Matt 15,24; Rom 1,16).

Guds truskap – Israel er vitne om det

Slik er David og folket hans eit vitne (v.4), både i sine fall og i si oppreising. Slit du med å elska Israels folk? Då har du meir å læra om Guds truskap, for den evige pakta er "med dykk" (med Israel) og gitt til David. Israelsfolket, det jødiske folket, er like syndig no som då. Kvar gong FN vedtek ein resolusjon mot Israel, så er ikkje det veldig nyskapande - for dei hebraiske profetane tok som regel hardare i då dei kalla folket ting som "de avkom av ein ekteskapsbrytar og ei hore" (Jes 57,3). Det er mogleg at opp til fleire av FN-resolusjonene mot Israel er rettfærdige i kritikken sin. Omverda må gjerna døma Israel, men må då òg hugsa på at "[n]år du dømer ein annan, fordømmer du deg sjølv" (Rom 2,1b). Kva har det jødiske folket gjort som ikkje alle andre folkeslag på jorda òg har gjort? Kva er det staten Israel gjer i dag som ikkje alle andre statar òg driv på med? Det er Israels Heilage som gjer "deg" herleg, dvs som gjer Israel herleg. Det er Israels folk som først får orda retta til seg om å søkja HERREN og å omvenda seg (v.6-7). Det er Israels folk som først får invitasjonen til å kjøpa utan pengar og til å eta det som godt er (v.1-2). Det er Israelsfolket som først får tilbodet om å venda seg til Herren og leva (v.3).

Det er i lys av Guds truskap mot David, mot folket sitt Israel, at folkeslaga - som var ukjende - skal bli kalla på og springa "mot deg", dvs mot Israel. Gitt at David var død og gravlagd då preiketeksten først blei skriven og gitt at det ikkje så veldig lyst ut for Juda då preiketeksten blei skriven, så ligg det ein tydeleg messiansk lovnad i v.3 når det står om at han, David, skal herska over folka.

Guds truskap – for Guds eiga skuld

Var Israel, eller *er* Israel trufast mot Gud? Nei. Likevel er Gud trufast. Det er ikkje slik at Gud står for lovnadene sine til Israel og til folkeslaga som skal springa "mot deg", dvs mot Israels Messias, fordi Gud likevel fant gode ting hos folket sitt eller fordi heidningane var iallfall *litt* gudfryktige. Det heile skjer "for HERREN din Guds skuld, Israels Heilage som gjer deg (dvs Israel) herleg" (v.5). Gud er ikkje ferdig med Israel, og det handlar om Guds vesen og personlegdom. Gud tilbyr fest og nåde for sitt folk Israel – både den gongen og i dag – for si eiga skuld.

Sidan dette er skriven på norsk, er det god grunn å rekna med dei fleste predikantar og tilhøyrarar som tek del i dette stoffet vil vera av heidningeætt. Guds tilbod om vin og mjølk utan pengar og feite rettar med fryd, det kom først til Israels folk. Tilbodet kom i ein situasjon då folket hadde synda masse og var hardt straffa av Gud. Likevel kom tilbodet om liv til folket.

Guds truskap – grunnlaget for frelsesvisse

Israels Gud er trufast. Det er ein slik Gud vi som er av heidningeætt blir invitert til, vi som ein gong var utan Gud og utan håp i verda (Ef 2,12-13). Guds forhold til Israel fortel noko viktig om Guds vesen. Når alt anna håp er ute, då er Gud framleis trufast og står for sine lovnader.

Confessio Augustana XX:17 har fanga opp noko viktig ved den bibelske bodskapen både 1) for korleis det berre er Guds lovnad som reddar oss menneske, men òg 2) kva som skal til for at vi

menneske skal stola på Guds lovnad og ikkje på alle moglege andre ting: "Hele denne læren [om rettferdiggingeringa] må føres tilbake til den nevnte kamp i den forskrekkede samvittighet, og den kan ikke forstås uten denne kamp. Derfor dømmer de uerfarne og verdslige mennesker ille om den, de som tøver om at den kristne rettferdighet ikke er annet enn den borgerlige eller filosofiske rettferdighet. "

Omvend deg i fastetida! Til kven? Til Israels Gud som er trufast.

Andreas Johansson

Teolog. Den Norske Israelmisjons stedlige representant i Israel.

ncmi.israel.representative@gmail.com